

Riksrevisjonen

Postboks 8130 Dep
0032 Oslo

2006/214 - 2085/2006 541.1

Ivar Eriksen , 51 96 38 14

29.05.2006

Søvnklinikken på Voss sjukehus - Helse Bergen HF

Vi viser til Dykkar brev av 12. mai 2006.

Avtaleforholdet mellom Eurosleep og Helse Bergen HF springer ut av eit samarbeid som blei etablert medan fylkeskommunen hadde ansvaret for spesialisthelsetenesta, jf. vedlegg 1 (avtale mellom Fylkessjukehuset på Voss og Eurosleep AS datert 22.06.01).

Etter den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta i 2002 trengte Voss sjukehus lokala til søvnklinikken til annan kirurgisk verksemrd. Søvnklinikken flytta då til leigde lokale i eigedom eigmد av Hordaland fylkeskommune. Helse Bergen/Voss sjukehus hadde ikkje investeringsmidlar til å ruste opp lokala, og Eurosleep tok heile denne kostnaden – opplyst av Helse Bergen til å utgjere ca 5 millionar kroner.

Helse Bergen har vidare opplyst at Eurosleep sitt vilkår for å gå i gang med ei større ombygging hausten 2002 var at dei fekk ein kontrakt av ein viss varigheit. Slik kontrakt blei inngått utan utlysing, jf vedlegg 2 (avtale om kjøp av tenester mellom Voss sjukehus og Eurosleep datert 11.09.02). Denne avtalen hadde ein varigheit fram til 31.12.05, og avtalen er ved to høve blitt reforhandla. Første gong i mars 2003, jf. vedlegg 3 (avtale datert 01.03.03), og den andre gongen i juni 2004. Sistnemnde avtale gjeld for perioden 01.01.04 – 31.12.06 og er datert 30.06.04, jf. vedlegg 4. Formålet for begge reforhandlingane har vore å redusera betalinga til Eurosleep for å sikre Helse Bergen sitt overskot av drifta.

Helse Bergen har opplyst til Helse Vest at dei i løpet av hausten 2004 blei merksame på dei feila som var gjort med omsyn til reglane om offentlege innkjøp. Helse Bergen har derfor orientert Eurosleep om at dei ikkje har høve til å forlengje noverande kontrakt. Helse Bergen har vidare orientert Eurosleep om at det vil vere Helse Vest som tar stilling til om dette tilbodet skal vidareførast, og at kontrakten i så tilfelle vil bli inngått etter ein anbodskonkurranse.

Helse Bergen sitt kjøp av tenester frå Eurosleep beløp seg i 2005 til kr. 21.866.000,-.

Med helsing

Helge Bryne
Viseadministrerande direktør

Ivar Eriksen
seniorrådgivar

Vedlegg:

1. Avtale om kjøp av tenester mellom Fylkessjukehuset på Voss (FSV) og Eurosleep AS (ES) datert 22.06.01
2. Avtale om kjøp av tenester mellom Voss sjukehus (VS) og Eurosleep AS (ES) i samband med drift av ny ØNH-avdeling ved Rogne vdg. skule datert 11.09.02
3. Avtale om kjøp av tenester mellom Voss sjukehus (VS) og Eurosleep AS (ES) i samband med drift av ØNH-avdeling ved Rogne vdg. skule datert 01.03.03
4. Avtale om kjøp av tenester mellom Voss sjukehus (VS) og Eurosleep AS (ES) i samband med drift av ØNH-/søvnavdeling ved Rogne vdg. skule datert 30.06.04